

# Kunstplan 2020-2024



*Skulpturen Tid av Kirsten Vikingstad Storesund. Foto: Anine Kongshavn*

## Karmøy kommune

## Føremål

*«I kunsten bearbeides virkeligheten til uttrykk som kan gi nye opplevelser, ny forståelse og ny innsikt. Å produsere kunst for offentlige rom er uttrykk for en demokratisk tanke som hevder alles rett til å oppleve kunst.»*

KORO (staten sitt fagorgan for kunst i offentlig rom)

*«Det er ynskjeleg at Karmøy kommune skal vere ein tilretteleggar for, fremme kunstproduksjon og vere ein markant bidragsytar innan formidling av kunst. Det offentlege har ein viktig posisjon når det gjeld kunstformidling»*

Kommunedelplan kultur 2016-25:29-30

Jamfør kommunedelplan kultur skal Karmøy kommune utvikla ein strategi for innkjøp, formidling og forvaltning av kunst, og ha eit bevisst forhold til og ein plan for bruk av kunst i offentlege rom. Under temaet Karmøykunstnarar og kunstformidling er eitt av tiltaka å etablere ein strategi for innkjøp, formidling og forvaltning av kunst i offentlig rom (Handlingsprogram kommunedelplan kultur s. 5).

Retningslinjer for kunst i det offentlige rom i Karmøy kommune vart vedtatt i kommunestyret 13. mai 2019 (Sak 19/203), og det vart bestemt at det skal nedsetjast eit kunstutval med mandat til å initiere og gje råd i tilknytning til kunst i kommunale bygg og i det offentlege rom i Karmøy kommune. For kvart kunstprosjekt skal det setjast saman ein kunstkomite som leiar arbeidet.

Saman med Retningslinjer for kunst i det offentlige rom i Karmøy kommune, skal Kunstplan for 2020-24 vere ein strategi for arbeidet med kunst i offentlig rom i Karmøy, og eit verktøy for å sikre at vedtatte mål og tiltak blir omsette i handling. Retningslinjene skal nyttast i alle kunstprosjekt, og kunstplanen skal skildre retning for satsingsområdet kunst i offentlig rom.

Kunstplan for 2020-24 skal peike ut prioriterte satsingsområde i perioden. Kunstprosjekta sjåast i samanheng med handlingsprogram for byutvikling, kommunal planstrategi for 2020-23, samt utviklingsplaner i samarbeid med Friluftsrådet Vest, som forvaltar viktige friluftsområde i Karmøy.

Kommunestyret føreset at kunst Karmøy kommune formidlar i det offentlege rom er tilgjengeleg også for menneske med nedsatt funksjonsevne.

## Alle har rett til å oppleve kunst - kunst som demokratisering

Målet med å plassere ut kunst i det offentlege rom, i skular, institusjonar og andre offentlege bygg, er at flest mulig skal få oppleve kunst av høg kvalitet. Ei slik ordning er demokratiserande og skaper forståing for ulike kulturuttrykk.

Ein av strategiane som blir nevnt i kommuneplan for Karmøy kommune for å betre omdømmet til kommunen er å styrke kulturlivet og skape gode arenaer for kulturoppleving og kulturaktivitet.

## Kvifor kunst i offentlig rom?

Kunst i offentlig rom oppsøker folk der folk ferdast. Dette i motsetnad til ein kunstutstilling, der publikum oppsøker kunsten. Offentleg kunst er tilgjengeleg for veldig mange, sidan han er på fellesarenaer der folk ferdast og møtes. Å tilgjengeleggjere kunst for alle er demokratiserande, alle har rett til å oppleve kunst. Kunst plassert i det offentlege rom aukar staden sin attraktivitet.

Kunstnarar er ein viktig del av det offentlege ordskifte. Gjennom kunst som uttrykksform kan kunstnaren skape nye vinklingar og perspektiv å forstå verda ut frå, og kunstnaren sine ytringar inngår i den allmenne meningsutveksling, identitetsdanning og minneforvaltning. Kunst i offentlig rom bidrar til mangfald.

Kunstprosjekt i offentlege bygg skaper ein spenning mellom arkitektur og kunst og påverkar vår oppleving av staden. Kunst i det offentlege rom møter oss i ein større og meir kompleks samaheng enn i det lukka kunstrommet.

## Offentleg ordning

### KORO

KORO står for Kunst i offentlig rom, og er ein statleg etat som initierer, forvaltar og formidlar kunst i offentlig rom. Dei arbeider både med kunstprosjekt i statlege og fylkeskommunale bygg, samt tildeler tilskott til kommunale prosjekt og kunstnarprosjekt gjennom Lokalsamfunnsordninga (LOK)

Drivkraften bak KORO er at tilgjengeleggjering av kunst av høg kvalitet reduserer sosiale skilnader i høve til at alle kan møta kunst i sin kvardag. I eit skulebygg kan kunst bidra til kreativitet, redusert støy og hærverk, og kunsten kan takast i bruk i læringssituasjonar og leik.

### Vedlikehold og formidling

Kunsten som er plassert ut skal vedlikeholdast og formidlast. KORO gir også tilskott til formidlingsprosjekt, og spesielt i skulebygg er det eit stort potensiale i å utarbeide pedagogiske opplegg i tilknytning til kunsten.



*Egget av Roald Tellnes, Koperøvik skole*



## Satsingsområde 2020 - 24

I perioden 2020 – 2024 er det to satsingsområde, byane i Karmøy og friluftsområde og uterom.

Byane er utpeikt som satsingsområde i samanheng med byutviklingsplanar for Kopervik, Skudeneshavn og Åkrehamn. Handlingsprogrammet for byane inneheld prioriterte tiltak for opprusting av sentrum dei neste åra, og det er naturleg å sjå eventuell anskaffelse av kunst i samanheng med dette.

Friluftsområde og uterom i Karmøy kommune er det andre satsingsområdet. Kunst utplassert i godt besøkte friluftsområde vil nå ut til mange, løfte uteområda og vere ein tilretteleggar for at menneske møtes.

### Byane i Karmøy

Per 1. august 2019 er omtrent 46 % av Karmøy sin befolkning busett i byområdene Kopervik (7 715 innb.) Åkrehamn (8 198 innb.) og Skudeneshavn (3 457 innb.), og endå fleire nyttar seg av det byane har å tilby. I 2016-2019 vart det utarbeida eigne kommunedelplanar for Kopervik, Åkrehamn og Skudeneshavn, med hovudføremål å styrke og utvikle byområda. Kommunedelplan for dei tre byane vart vedtatt i mai 2019 (Saksnr 55-57/19). Som ei oppfølging av kommunedelplanane er det foreslått konkrete byutviklingsprosjekt i form av eit eige handlingsprogram. I inneverande kommunestyreperiode gjeld dette prosjekter som opprusting av torget i Åkrehamn, torget i Skudeneshavn, sentrumsparken i Kopervik, samt ein eigen parkeringsstrategi for byområde. Utsmykking og kunst i offentlege byrom er aspekter som naturleg inngår i denne samanhengen.

Kulturen si rolle er framheva særskilt i samband med arbeidet med å skape levande og attraktive bysentra.

*«Gjennom målretta planlegging av arkitektur og landskapsarkitektur og kunst i offentlege rom er det mogleg å fremje møteplassar for kulturaktivitet i friluftsområde, friluftscener og parkar, samt i kommunale bygg. Eit særskilt fokus er å sikre tilgjenge for alle. I samband med byutviklingsprosjektet i Karmøy kommune bør det å legge til rette for kulturutøving og – oppleving vere ein sentral og samlande faktor» (Kommunedelplan kultur 2016-21:13-14)*

Det å utvikle stader og bygge byer er meir enn å konsentrere folketallsvekst innanfor eit avgrensa område. Byutvikling innebærer og utvikling av byen sine kvaliteter, til dømes bumiljø, historie, identitet og særpreg.

Forslag til kommunedelplanar for Kopervik, Åkrehamn og Skudeneshavn har som føremål å tilrettelegge for eit mangfaldsrikt byliv med fleire folk i bysentrum. Byane skal styrkast som arena for kultur og opplevingar. Planane skal vere eit grunnlag for standardheving av dei offentlege rom i byen, både offentlege allmenningar og parkar og private område som framstår som offentlege (Kommunedelplan for Kopervik s. 8). Kunst er ein viktig bidragsytar til å binde saman byrom og skape attraktive møteplassar for innbygarane.


I Åkrehamn er det å etablere ein kulturakse mellom kulturhuset, idrettsparken, parken og Åkrasanden nevnt som potensielt viktig for å binde saman byen, medan allmenninga blir trekt fram som ein viktig møteplass i Kopervik. I alle byane blir nærleiken til sjø og tilgang til strandsonen vektlagt som viktig for Karmøybuen. Skudeneshavn er i ein særstilling grunna kulturmiljøfredningen i delar av sentrum. Her er utfordringa mellom anna å skape møteplassar som knyter freda og ny bebyggelse saman.

Det skal satsast på kunst av høg kvalitet i byane Skudeneshavn, Åkrehamn og Kopervik. Kunst skal heve opplevinga av byromma, kommunisere med dei som besøker byane, bidra til å styrke identitet og gjere bysentra attraktive. Satsinga på kunst i offentleg rom skal knytast opp mot kommunedelplanar for byane i Karmøy med tilhøyrande handlingsprogram og ny planstrategi. Innkjøp og utplassering av kunst skal sjåast i ein heilskapleg byutviklingsplan med utgangspunkt i desse særprega:

- Åkrehamn – kulturakse mellom kulturhuset, idrettsparken, parken og Åkrasanden, der ein eventuell ny Åkra skole kan bli sentral
- Kopervik – møteplasser i tilknytning til eksisterande og nye allmenningar, opne opp mot sjøen, der nytt kulturhus kan bli ein viktig attraksjon
- Skudeneshavn – møteplassar som knyter saman freda og ny bebyggelse, med fokus på å skape eit attraktivt heilårsmiljø

Nærleik til sjø og tilgang til strandsonen er nemnt som felles for alle byane, og skal vere ein raud tråd i utføringa.

## Friluftsområde og uterom



*TID av Kirsten Vikingstad Storesund*

*Foto: KVS*

Skulpturen Tid, innkjøpt av friluftsrådet og plassert på Rabinwitzplass på Åkrasand, er tenkt som eit minnesmerke, ein refleksjonsobjekt, ein vri på røynda. Objektet snur horisonten, og skulpturen søker dialog med omgjevnadene. Tid vart avduka i samband med Blått flagg 2. juni 2019, og er plassert i eit område der det allerede har vore gjort inngrepen i naturen i samband med røyrlarbeid. Kunsten kjem difor ikkje i konflikt med naturen men bidrar til å reparere såret som har blitt påført. Kunstnaren har tatt utgangspunkt i livbøyen som form, og ynskjer med valg av dette formspråk å vekke assosiasjonar hos betraktaren til vår tilknytning til havet.

Det skal satsast på kunst av høg kvalitet i sentrale og godt besøkte uteområde i Karmøy. Kunsten skal bidra med refleksjonsrom, gi staden ein ny dimensjon og vere i dialog med omgjevnadene. Ved å plassere ut kunst der mange folk ferdast vil kunstverket få eit stort nedslagsfelt. Kommunikasjon med brukarane av friluftsområdet skal stå sentralt. Kunst i friluftsområde skal bidra til å skape attraktive uteområde i Karmøy, og prioritering av innkjøp skal sjåast i samanheng med kommunen og Friluftsrådet Vest sine utviklingsstrategiar for områda, med følgande prioriterte område i perioden:

- Utvikling av Åkrasand som rekreasjonsområde og møteplass i tråd med Friluftsrådet Vest si satsing på Rabionowitzplass og i tilknytning til servicebygg ved sand 3
- Formidling av Street art som temporær kunstform (by/uteområde)
- Stangelandsmarka i tilknytning til bygging av ny skule
- Lindøy i tilknytning til bygging av Friluftsrådet Vest sin nye base Friluftshuset Vest
- Andre godt besøkte uteområde forvalta av friluftsrådet, som Sandvesand og Visnes



*Street art på Spanne, eit prosjekt i regi av DKS Karmøy og street artist Bjørn Olaf Gudmestad Haugsnes, 2019*